



Universiteit Utrecht

Då søknaden min om opptak på doktorgradsprogrammet vart skriven, stod der «utanlandsopphald» på vårsemesteret 2015. Valet fall på Nederland. Etter eit spørsmål om kva moglegheiter Universiteit Utrecht hadde for å ta i mot meg, kom formell invitasjon frå professor Paul Leseman. Leseman driv fleire store forskingsprosjekt knytt til barn med ulike morsmål si språkutvikling og forskar også på kva som fremmer kvalitet i barnehagane. Han har mange PhD-studentar og post.doc. i fleire forskarteam.

Utanlandsopphald i Utrecht vart avklart alt i september, og finansiering kom på plass frå NAFOL og Høgskulen i Volda. Det ordna seg slik at mannen min, Terje, kunne vere her heile tida, og gjere jobben sin i studieadministrasjonen ved Høgskulen i Volda frå «heimkontoret» her. Det var litt jobb å finne bustad, for her er 65 000 studentar til saman ved høgskulen og universitetet, noko som er mange i ein by med 350 000 innbyggjarar.



Vi fann oss raskt til rette i dette flate landet der lågaste punktet er å finne i byen Gouda, med sine 8 meter under havflata. Vi kom siste dagane i januar og alt første dagen fekk vi fiksa internettlinjer og setje tulipanar på bordet. Ja, då var vi liksom i gang!

Universiteit Utrecht har ei lang historie med skipingsår i 1636. I dag har universitetet 6 300 tilsette, vel 30 000 studentar og er inndelt i sju fakultet. Universitetet skiltar med tolv Nobelprisar og var i 2014 på 1. plass på Shanghai-ranking i Nederland og på 16. plass i Europa.

Som student ved Høgskolen i Oslo Akershus sitt doktorgradsprogram *Utdanningsvitenskap for lærerutdanning*, er hovudoppgåva denne våren prosjektet om implementering av 2013-reforma i barnehagelærerutdanninga i Norge. Eg sette av våren til kvalitativ forskingsanalyse ved hjelp av NVivo. Sidan eg kom rett frå datainnsamling i januar, gjekk februar til transkribering, mars og april gjekk til dataanalyse. No etter mange iterative prosessar er hierarkiet med kategoriar og kodar kome på plass. Dataanalysane er unnagjorde og dei siste fem vekene av opphaldet er sette av til literature review. Med så mykje kompetanse på lærerutdanning rundt meg, vert dette også vonleg ein spanande fase av prosjektet.

Utrecht er ein gamal by som romarane grunnla før Kristi fødsel. Byen var tidlegare krinsa av bymurar med kanalbygde vollgraver rundt, og nokre plassar står murane enno. I denne gamle bydelen har universitetet mange bygningar som museum eller til representasjon. Her har vi fått leilegheit i det som tidlegare var direktørbustad ved universitetet sin botaniske hage. Sentralt og triveleg. Huset ligg rett ved ein av dei fire portane som i gamal tid var inngangen til byen, sørporten.



Oudegracht i Utrecht.

Som visiting scholar høyrer eg til ved Faculty of Social and Behavioral Science i professor Leseman si forskargruppe. Lærarutdanningsforskarane med mellom andre professor Theo Wubbels som sit i etasjen over, er også ein del av fagmiljøet mitt. Miljøa har fagleg trykk og er fantastisk drivande. Eg har også hatt fleire rettleiande samtalar med professor Mieke Lunenberg frå Vrije Universiteit i Amsterdam. Mieke er sentral innan forskning på lærarutdanning og var mellom anna NAFOL sin gjest i Tromsø i 2014. Slik starta vi med å seie takk for sist!

Dei faglege forventningane om utanlandsopphaldet viser seg å stemme. Arbeidsvekene gir utviklande samtalar, deltaking i work shop og konsentrerte skriveveker der vi arbeider saman, prosjektframleggingar og besøk av internasjonale gjestar. Heile neste veke kjem jammen professor Thomas Moser for å arbeide saman med forskarar ved fakultetet. Så har eg fått med med ein disputas og sett korleis kulturen er her.

Å gjennomføre skriveveke er ein kultur eg kan tenkje meg å ta med til min eigen institusjon, Høgskulen i Volda. Når semesterplanane for undervisning er lagde og ein ser at der er ei litt rolegare veke inn i mellom, set ein den av til skriveveke og bookar ein PC sal på campus. Så byd ein med seg kollegaer til skriveveke, med påmelding. Alle arbeider med sine forskingsprosjekt, med opning om å nytte siste timen på ettermiddagen til at to og to gi feedback til kvarandre. Fagleg prat i pausane i eit støttande forskarmiljø er viktig.

Nederland er eit enkelt land å reise til for utanlandsopphald. Ambassaden sa det ikkje var nødvendig med visum for denne type opphald.

Laurdagane er sett av til å sjå landet og kulturen. Våren kom tidleg, men har litt betre tid her enn heime på Sunnmøre, der den kan vere unnagjort på eit par intense veker. Heilt sidan vi kom har svartetrasten vore vekkarklokka vår og no går gåsemor omkring ute ved campus med 3-4 små kyllingar rundt seg.



*Kaffipause ved 2. skriveveka eg fekk delta i.
Her saman med tre andre PhD-studentar.*

Våren har visseleg kome, tulipanhagane er opne for publikum og fruktrea blomstrar. Vindmøllene har «open dag» og dei minste kanalbåtane går rett utanfor stoveglaset vårt. Vi har fleire museum berre eit steinkast unna, og kunstmusea i landet har mellom andre arbeid av nederendarane Rembrandt, Vermeer og Van Gogh. Når vi i tillegg til å gå i kunstmuseum har gjort oss kjende med ostesmaking og andre matgleder, trengde vi våren! Sykling og båtliv er ein viktig i Utrecht sidan heile byen er ruta opp av kanalar. Vi kan leige kajakk eller båt i elva som renn gjennom universitetsområdet. Det er ei av sideelvane til Rhinen, Lek.

No synest vi begge det er lenge å vere borte frå familien då, men elles synest vi at dette er eit eventyr og ei stor moglegheit som er gitt oss. Andre veka i juni er vi heime att – for eg kan ikkje misse meir enn ei NAFOL-samling! Difor landar eg i Bergen til sommarskulen på Stord!

Tot ziens! Sjøast då,

Helsing Torhild Høydalsvik



Frå «Kongens dag» 27. april på Stadbutengracht, det som tidlegare var vollgrava rundt byen.